

Etiske retningslinjer for Sykkylven Næringsutvikling

1. Innleiing

Sykkylven Næringsutvikling AS (SNU) er eit halvoffentleg selskap med formål om å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven. SNU er kommunen si næringsavdeling med ansvar for oppfølging av kommunal næringsstrategi, og seljer i tillegg tenester til lokalt næringsliv som administrative tenester og prosjektleiing

SNU sine tilsette skal vere ansvarlege og etisk medvetne medarbeidarar. Utan høg etisk standar vil ikkje SNU få den tillit og positive omdøme hos kundar, samarbeidspartnarar, eigarar og oppdragsgjevarar, og i samfunnet elles som er naudsynt for at vi skal kunne bidra til utvikling av lokalt næringsliv i samsvar med strategi for næringsarbeid i kommunen sin samfunnsplan og SNU sin selskapsstrategi.

Retningslinjene er vedteken av styret i SNU og definerer ein standard for etisk åtferd for alle medarbeidarar og selskapet sitt styre når dei representerer SNU. Alle er ansvarlege for å gjere seg kjent med retningslinjene. Brot på etiske retningslinjer vil kunne føre til reaksjonar. Etiske retningslinjer er ikkje uttømmende, og ved tvil om etisk akseptabel åtferd skal ein rådføre seg med sin leiar.

Tilsette har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i selskapet, jf. arbeidsmiljølova § 2-4. Varsling skal skje til næraste overordna eller styreleiar. Ved behov for anonym varsling kan styremedlemmar varslast, og varslar vil alltid vere beskytta mot sanksjonar jf. arbeidsmiljølova § 2-5.

2. Personleg åtferd

Alle som representerer SNU er forventa å opptre korrekt overfor forretnings- og samarbeidande partnarar, kollegaer og andre. Det inkluderer respekt for andre kulturar og sedvanar. Diskriminering, trakassering eller anna form for krenkande eller utilbørleg åtferd vert ikkje akseptert. SNU ønskjer å skape eit opent, engasjerande og utviklande arbeidsmiljø. Alle tilsette skal behandle kvarandre med tillit og ei positiv innstilling. Det inneberer at vi skal ha respekt for kvarandre sine funksjonar, kompetanse, tid og person. Tilsette skal ha naudsynt arbeidsmateriell og kontortilhøve, som dei har ansvar for å bruke på ein forsvarleg måte. Bruk av IT-utstyr til nedlasting av ulovleg materiale må ikkje førekome.

Det forventast at tilsette og styremedlemmar gjer seg kjent med arbeidsreglement og selskapet sine vedtekter og strategi.

3. Forretningsetikk

SNU forvaltar offentlege midlar og skal gjennom dette bidra til lønsam og berekraftig næringsutvikling i heile kommunen. Vårt bidrag til verdiskaping i samfunnet skal skje gjennom utøving av samfunnsansvar kor både økonomiske, sosiale og miljømessige vurderinga vert lagt til grunn for vår verksemd. Det gjeld både ved bruk av offentlege ressursar, og vår åtferd som medarbeidarar. Etikk og samfunnsansvar skal være en del av vurderingskriteriene ved bruk av alle våre tenester og for val av samarbeidspartnarar og leverandørar.

For å sikre habilitet må tilsette ikkje ta del i eller søke å påverke saker, prosjekt eller vedtak når det føreligg forhold som er egna til å svekke tilliten til selskapet sin upartiskheit. Slike forhold kan vere personleg eller økonomisk særinteresse for vedkommande sjølv som part eller for nærstående, dvs. familie, slektningar, vener o.a. Det samme gjeld spørsmål som er av økonomisk særinteresse for selskap, forening eller anna offentleg eller privat institusjon vedkommande er knytt til.

Tilsette og styremedlemmar skal alltid vurdere om det føreligger forhold som tilseier at vedkommande skal fråtre behandlinga i samsvar med selskapet sine retningslinjer. Om det vert konkludert med at reglene tilseier fråtreding, eller at det kan være tvil om dette, skal spørsmålet forleggast overordna som avgjer spørsmålet. Habilitetsreglane gjeld også for konsulentar som utfører oppdrag for SNU.

4. Gåver, representasjon og dekking av utgifter

Tilsette og andre som representerer SNU har i utgangspunktet ikkje anledning til å gi eller ta imot gåver eller andre påskjønningar i forbindelse med sitt arbeid eller teneste for selskapet. Gåver som oppmerksom etter foredrag eller liknande kan akseptere, forutsett at gåva er av beskjeden verdi og det ikkje føreligg omstende som tilseier at merksemd ikkje bør vert gitt eller motteken.

Representasjon i form av deltaking på arrangement, måltid med vidare må ha ein forretningsmessig forklaring. Det er ein føresetnad for all deltaking at kostnadsnivået på arrangementet er innanfor akseptable rammer. Er det tvilsamt om deltakinga er uproblematisk, skal det alltid innhentast skriftleg samtykke frå overordna på førehand.

Tilsette og styremedlemmar skal motvirke korrupsjon i samsvar med norsk lov.

5. Teieplikt og diskresjon

Tilsette og styremedlemmar har teieplikt om andre sine forretningsmessige eller private forhold som dei vert kjend med i sitt arbeid. Denne forpliktelsen gjeld også etter at vedkommande har slutta å arbeide for SNU.

Teieplikta gjelder ikkje berre utad, men også overfor kollegaer som ikkje har behov for opplysningane i sitt arbeid. Teieplikta hindrar ikkje bruk av informasjon for utvikling av bransjekunnskap, godt samarbeid og et aktivt fagmiljø i SNU. Teieplikta skal ikkje hindre tilsette i å varsle om avvik og kritikkverdige forhold.

Tilsette skal sørge for at fortrulege eller sensitive opplysningar om kundar eller SNU sine interne forhold beskyttast ved forsvarleg oppbevaring og sikring av skriftleg og elektronisk lagra opplysningar. Personopplysningar om kundar, samarbeidspartnarar, tilsette, konsulentar eller andre, skal behandlast i samsvar med grunnleggjande personvernomsyn slik at omsynet til personleg integritet, privatlivets fred og tilstrekkeleg kvalitet på personopplysningar vert ivaretatt.

6. Forholdet til media og allmennheita

SNU sitt omdøme vert påverka mellom anna av vår evne til å kommunisere på ein konsistent og profesjonell måte med eksterne aktørar, inkludert media. SNU skal være ein open organisasjon som gir allmennheita innsyn i verksemda.

Tilsette skal vere serviceorienterte, proaktive, ærlege og imøtekommande i sin omgang med eksterne aktørar og kollegaer.

Offentleglova gjeld for saker SNU ivaretar for kommunen. Av omsyn til våre kundar sine behov for konfidensiell behandling, er mellom anna dokument som gjelder konkrete søknadar om finansiering ikkje omfatta av offentleglova, med unntak for positive avgjersler.

Informasjon som vert gitt til media om SNU sin verksemd og planer, skal være korrekt og objektiv. Kommunikasjonen skal være samordna slik at SNU står fram som heilskapleg, konsistent og tillitsvekkande.

Sykkylven, mars 2022